



## **RAPPORT- GRATIS SKULEFRUKOST FUSA VIDAREGÅANDE SKULE**

### Organisering

Skulen starta opp med gratis skulefrukost i februar 2014 som ei prøveordning ut skuleåret. Dette vart finansiert med egne midlar. Litt av bakgrunnen var at skuledagen startar tidleg, kl.0740, så mange av elevane må stå svært tidleg opp. Vi har elvar frå 13 ulike kommunar og ein del av dei pendlar. Dei aller fleste elevane nytta seg av tilbodet når det gjekk frå å vera betaling til gratis frukost.

Tilbodet vart vidareført på bakgrunn av dei gode erfaringane me gjorde. Personalet opplevde at måltidet hadde positiv effekt både på lærings- og det sosiale miljøet i klassane. Dette er i tråd med våre mål i utviklingsplanen.

Elevane får gratis frukost 5 dagar i veka der tilbodet har høg ernæringsmessig kvalitet (bl.a. havregraut, grovt brød med ulik val av pålegg).

### Økonomi

Skulen har stipulert kostnad til råvarar på kr. 150000 (i tillegg kjem lønnskostnader til kantinemedarbeider).

### Deltaking

I gjennomsnitt ser det ut som at om lag 250 elevar i gjennomsnitt pr. dag nyttar seg av tilbodet. Det er klart fleire som nyttar seg av kantina til frukost enn det er til lunsj. Måltida til lunsj må dei betala for.

### Erfaringar med ordninga

Skulen har gode erfaringar med ordninga. Dette håpar og trur med kan ha positiv effekt for konsentrasjon og dermed læringsutbyte. I tillegg ser vi klare sosiale gevinstar med at elevane samlar seg kring eit måltid.

Skulen er svært takksam for at vi no får denne støtta til gratis skulefrukost.

Eikelandsosen, 28.juni 2018

Haldis G. Solvang  
ass.rektor